



---

**Notat**

---

**Frå:**

Meline Heimdal Haugland

**Innspel til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 frå Ungdomsrådet**

<b>Saknr/Journalnr</b>	<b>Arkivkode</b>	<b>Dato:</b>
18/1090/19/9749//MEHH	FE-033	27.11.2019

Uttale til budsjett 2020 vart drøfta i sak 008/2019 i Ungdomsrådet 26.11.19

I møtet la sekretær for ungdomsrådet fram presentasjon av dei tema som er mest relevant for barn og ungdom. Ungdomsrådet har tatt presentasjonen til orientering og har følgjande uttale til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023:

**Moglegheitsstudie 1-10 skule**

Det er delte meininar i Ungdomsrådet om å bygga 1-10 skule i Samananger. Ungdomsrådet er positiv til at det vert gjennomført ein moglegheitsstudie. Dei meinar at studien bør resultera i gode argument, både for- og imot 1-10 skule.

Ungdomsrådet påpeikar at det å ha nok uteareal til alle elevar er viktig. Nokre av medlemmane meinar at det ikkje vil vera nok uteareal på Gjerde til å bygga 1-10 skule. Det vil òg verta for mange barn og vaksne i same lokale til å kunne slå barnehagane saman. Éin av medlemmane meinar at det positive med på bygga 1-10 skule er tryggleiken med å sleppa å byta skule i løpet av grunnskulen.

**Legevaktsamarbeid**

Kor må ein reise til legevakten ved nytt legevaktsamarbeid mellom Osterøy, Bergen og Samnanger?

**Forskjønning av Bjørkheimsområdet**

Det er viktig for Ungdomsrådet at paviljongen vert ståande ettersom den vert mykje brukt blant ungdom kvar dag. Der er det lys, benk og tak.

**Leksefri skule**

Ungdomsrådet stiller spørsmål ved kva som er poenget med leksefri skule på heile Barneskulen når ein har lekser på ungdomsskulen. Dei meinar at ein kan ha leksefri skule for dei yngste elevane på Barneskulen frå 1. til 4. trinn, men at trinna over bør ha lekser slik at det ikkje vert for brå overgang til ungdomsskulen. Det vert vist til lesarinnlegg om lekser i Samningen skrive av elevar på Barneskulen.

**MOT i ungdomsskulen**

MOT-programmet som er innført i ungdomsskulen opplevast som positivt og lærerikt.

**Opplevelseskortet**

Ungdomsrådet er svært positiv til opplevelseskortet som tilbod for ungdom i Samnanger. Dei

påpeikar at det er vorte vist til liknande tilbod på nettverkssamlingar dei har vore med på for ungdomsråd.

Undervisning i kulturskulen

Det er eit ønskje om at alle elevar i kulturskulen skal få tilbod om dobbeltime. Ein enkelttime varar i 22,5 min. I dag får ein kun tilbod om fordjupning, som blant anna vil dei dobbeltime i kulturskulen, om ein er kvalifisert.

Nettsida til kommunen

Det er vanskeleg å bruke nettsida til kommunen.

Møtefrekvens i Ungdomsrådet

I møtet vart det einstemmig vedtatt å auka møtefrekvensen i ungdomsrådet frå 6 til 7 møter per år.